

## Nynorsk

### i skolane og i lærarutdanninga

7. seminar for studentar, lærarar, skoleleiarar, lærarutdannarar og andre interesserte

**Fredag 26. april 2019, kl. 10.00-15.00**

**Auditorium 3**

#### Program:

	(kaffi/te)
<b>10.00-10.05</b>	Velkommen v/ Jens Haugan
<b>10.05-10.25 + diskusjon</b>	<b>Jens Haugan</b> (dosent, Høgskolen i Innlandet, leiar i Hamar dialekt- og mållag): <i>Nynorsk minigrammatikk og ordliste – ein praktisk reiskap for elevar/studentar og lærarar</i>
<b>10.35-10.55 + diskusjon</b>	<b>Jens Haugan og Silje Nathalie Luvåsen</b> (lektorstudent, Høgskolen i Innlandet): <i>Det umoglege språkbyttet frå bokmål til nynorsk – kva bør ein vite som lærar?</i>
<b>11.05-11.20</b>	<b>Pause</b>
<b>11.20-11.40 + diskusjon</b>	<b>Bjørn Solberg</b> (PPU-student, Høgskolen i Innlandet): <i>Kjensler og fagfornyninga</i>
<b>11.50-12.10 + diskusjon</b>	<b>Vilde Strand Kompelien</b> (masterstudent, Høgskolen i Innlandet): <i>Frå Etnedal til Gjøvik til Sogndal - frå bokmål til nynorsk. Ei lærarreise</i>
<b>12.20-12.50</b>	<b>Lunsjpause</b>
<b>12.50-13.10 + diskusjon</b>	<b>Siri Wathne Grøndahl</b> (adjunkt, Furnes ungdomsskole): <i>Erfaringar frå klasserommet (ungdomsskole)</i>
<b>13.20-13.40 + diskusjon</b>	<b>Kari Anne Skjaak</b> (lektor, Skjåk): <i>Erfaringar frå klasserommet (vidaregåande skole)</i>
<b>13.50-14.00</b>	<b>Pause</b>
<b>14.00-14.20 + diskusjon</b>	<b>Ellen Skjold Kvåle</b> (forlagsredaktør, høgare utdanning, Samlaget): Presentasjon av relevante bøker frå Samlaget
<b>14.30-14.50 + diskusjon (5)</b>	<b>Hjalmar Eiksund</b> (høgskulelektor, Nynorsksenteret): <i>Føresetnader for sidemål</i>
<b>14.55-15.00</b>	Avslutting v/Jens Haugan

Seminaret er gratis, men vi ber likevel om bindande påmelding sidan vi har tenkt å servere ein enkel lunsj.

Arrangørar: Høgskolen i Innlandet og Hamar dialekt- og mållag  
Kontakt/påmelding: Jens Haugan, jens.haugan@inn.no, tlf. 911 95 432

[www.jenshaugan.com/nynorskseminaret](http://www.jenshaugan.com/nynorskseminaret)

## Nynorskseminaret: Nynorsk i skolane og i lærarutdanninga

### 7. seminar for studentar, lærarar, skoleleiarar, lærarutdannarar og andre interesserte

Fredag 26. april 2019, kl. 10-15, auditorium 3, Høgskolen i Innlandet, studiestad Hamar

Det er ei stor glede å kunne invitere til det sjuande nynorskseminaret på Hamar. Nynorskseminaret har som mål å presentere både forskning og konkrete erfaringar frå praksisfeltet frå dei ulike skoleslaga og frå lærarutdanninga. Ein vil også få tips om litteratur og undervisningsopplegg. Seminaret rettar seg mot studentar, lærarar, skoleleiarar, lærarutdannarar og andre interesserte. Det vil vere 10 minutt til open diskusjon og dialog etter kvart føredrag.

Seminaret er gratis, men vi ber likevel om bindande påmelding sidan vi har tenkt å servere ein enkel lunsj.

Kontakt/påmelding: Jens Haugan, [jens.haugan@inn.no](mailto:jens.haugan@inn.no), tlf. 911 95 432.

Så langt har det vore eitt seminar om våren og eitt om hausten. Mens vårseminaret er meir ope når det gjeld tema, er haustseminaret knytt til det aktuelle temaet til dei nasjonale forskingsdagane ([www.forskningsdagene.no/](http://www.forskningsdagene.no/)).

Hautseminaret blir mest truleg fredag 27. september 2019 og har temaet «miljø». Har du forskingsresultat, tankar eller erfaringar du vil dele med deltakarane på eitt av dei kommande nynorskseminara, ta gjerne kontakt allereie no!

Nettstad: <http://www.jenshaugan.com/nynorskseminaret/>

Facebook: <https://www.facebook.com/events/296231494427497/>

#### Informasjon om føredraga på nynorskseminaret 26.04.2019:

##### **Jens Haugan: Nynorsk minigrammatikk og ordliste – ein praktisk reiskap for elevar/studentar og lærarar**

Etter mange års erfaring med retting av studentoppgåver på nynorsk, var det lett å sjå at det er ein god del meir eller mindre systematiske feil som går igjen i tekstane. For læraren er det frustrerende meirarbeid å måtte rette dei same feila hos alle, og for elevane/studentane er det frustrerende å få tilbake mange kommentarar og understrekingar. Minigrammatikken og ordlista kan kanskje gjere arbeidet litt lettare både for elevar/studentar og lærarar.

##### **Jens Haugan og Silje Nathalie Luvåsen: Det umoglege språkbyttet frå bokmål til nynorsk – kva bør ein vite som lærar?**

Det er eit kjent fenomen at mange elevar skiftar målform frå nynorsk til bokmål etter ungdomsskolen eller den vidaregåande skolen. Det er derimot relativt få elevar som skiftar frå bokmål til nynorsk. Kva bør læraren og skolen vite om rettane til elevane, og korleis kan ein hjelpe ein elev som ønskjer å skifte målform?

##### **Bjørn Solberg: Kjensler og fagfornyninga**

Mykje av forskinga frå OECD som Ludvigsen-utvalet og stortingsmelding 28 byggjer på, legg vekt på kva emosjonar har å seie for elevane. Dette er truleg underkommunisert av regjeringa og i skolen, meiner Solberg. Ein snakkar gjerne om kjensler på eit kognitivt nivå, men heile skolesektoren er prega av totalt fråvær av operasjonaliseringar. Solberg filosoferer i føredraget sitt rundt spørsmålet: Kva skal lærarane lære for å eige sine egne kjensler og lære elevane å eige sine?

##### **Vilde Strand Kompelien: Frå Etnedal til Gjøvik til Sogndal - frå bokmål til nynorsk. Ei lærarreise**

Vilde ville bli norsklektor delvis fordi ho tenkte at ho hadde eit unikt utgangspunkt; bokmål og nynorsk hadde hatt like stor verdi for ho gjennom 13 år som elev. Ja, god var ho òg! No, etter nesten 5 år på lektorstudiet, er ho redd nynorsken er vorten rusten. Kven skal kvalitetssikre Vilde før ho går ut som norsklektor i Noregs største nynorskfylke?

##### **Siri Wathne Grøndahl: Erfaringar frå klasserommet (ungdomsskole)**

Siri deler erfaringar og undervisningsopplegg frå klasserommet på ungdomsskolen.

##### **Kari Anne Skjaak: Erfaringar frå klasserommet (vidaregåande skole)**

Det vi tykkjer er moro, blir vi ofte gode i, derfor må vi gjere nynorsk moro for elevane. Kari Anne deler nokre tankar og konkrete tips kring skiving av nynorsk i skolen.

##### **Ellen Skjold Kvåle: Presentasjon av relevante bøker frå Samlaget**

Ellen presenterer fagbøker frå Samlaget og kjem også innom temaet fagspråk.

##### **Hjalmar Eiksund: Føresetnader for sidemål**

Hjalmar vil prate om føresetnader for sidemål ut frå ein dokumentert skilnad i innlæringa av sidemål hos elevar med bokmål og nynorsk som hovudmål.